

SERVICEERKLÆRING

FOR FLEM SFO

Flem Skule 2010/2011



Opningstider for skuleåret 2010/2011

På bakgrunn av innkomne søknader vert opningstidene ved SFO på Flem skule slik for skuleåret 2010-2011:

Vekedag	Etter skuletid
Måndag	13:00 - 16:00
Tirsdag	13:00 - 16:00
Onsdag	13.30 - 16:00 (tilsyn/ leksehjelp 12.30-13.30)
Torsdag	13:30 - 16:00 (tilsyn/ leksehjelp 12.30-13.30)
Fredag	12:30 - 16:00

Telefonnummer Skule/SFO:

Flem Skule, rektor: **70 21 44 45**
Flem Skule, pers.rom: **70 21 79 28**
SFO/småskulen, **70 21 44 46**

SFO følgjer **skuleruta**, og opningstida kan bli redusert eller utvida i løpet av skuleåret dersom nokon reduserer, seier opp eller utvidar plassen sin. Minstegrensa er 6 betalande barn.

Oppseiingsfristen er ein måned, rekna frå den 1. eller 15. i kvar måned. Fristen gjeld også for evt. reduksjon av opphaldstid. Når ein har takka ja til plass i SFO, gjeld reglane for oppseiingstid og betaling. Plassen kan ikkje seiast opp seinere enn 1. april, med verknad frå 1. mai. Oppseiing/ending skal sendast skriftleg til skulen.

SFO-betaling pr måned (i 10 mnd. f.o.m. 15 aug t.o.m 15 juni):

Timar pr veke	Pris pr måned
6	710
7	827
8	946
9	1064
10	1182
11	1280
12	1379
13	1477
14	1576
15	1674

For ekstra timar for dei som har plass i SFO : 45 kr pr time.

For kjøp av enkelttimar for dei som ikkje har plass i SFO: 74 kr pr time.

Personalet ved SFO:

Personalet på SFO dette året er: Grete Vindsnes (leiar)
Trine Beate (assistent)
Inger-Marie (assistent)
→I tillegg er Odny, Frøydis og Sonja vikarar ved behov.

Mandag: Grete, Trine
Tysdag: Grete, Trine
Onsdag: Grete, Inger-Marie
Torsdag: Grete, Trine
Fredag: Inger- Marie, Trine (Grete leiartid)

Mål og innhald:

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. Aktuelle aktivitetar kan vere:

- Leik
- Nærmiljø
- Arbeidsoppgåver
- Estetiske aktivitetar
- Frie aktivitetar

Ved Flem SFO har vi no i nokre år arbeidd etter ei "plattform" som vi har utarbeidd etter ein del år med erfaring. Desse punkta meiner vi er med på å kvalitetsikre det arbeidet vi gjer ved vår SFO. (Plattforma til SFO finn du på heimesida til skulen)

Hovudmålet for personalet er “trivsel for alle”. Sidan trivselen er med på å påverke det meste vi tek oss til, må dette vere det overordna målet. Trivsel og vennskap vil stå i sentrum for oss. Sjølv sagt kan dagar vere tyngre enn andre, men SFO skal også vere ein stad der ein kan vere litt sur og lei.

Det eksisterer mange syn på korleis ei skulefritidsordning skal organiserast. Vi vil poengtere at skulefritidsordning inneheld ordet fritid – ei tid som vi tradisjonelt ser på som vår eiga.

Elevane skal hos oss få lov til å gjere eigne val, sjølv sagt innanfor trygge rammer.

Når vi no er inne på innhald og organisering av SFO, må vi oppfordre foreldra til å

delta aktivt i dette. Det er dykkar born og deira fritid vi har med å gjere, og vår interesse er at den skal vere så god som mogleg. Heimen er den som får mest tilbakemelding på korleis trivselen er, og vi er avhengig av respons på korleis vi legg opp kvardagen, for å nå måla våre.

Vi som arbeider på SFO, legg opp til ein stor grad av fridom for barna. Dette fordi vi meiner at fridom og moglegheit til å styre dagen sin sjølv, aukar trivselen. Dette vil ikkje seie det same som at tryggleik er dårleg. Vi ynskjer først å fremst å vere tilgjengeleg for elevane, observere leiken, og kunne gripe inn når det er nødvendig. Vi skal vere igongsetjarar av leik når det trengst, og vere gode førebilete for borna ”våre”.

Denne fridomen vil innebere at elevane kan bevege seg inn og ut av skulen etter eige ynskje. Men det vil også innebere at det ikkje alltid er vaksne ute/inne samstundes med borna. Ved hjelp av klare reglar og avtalar med elevane, meiner vi at vi opprettheld tryggleiken.

Denne fridomen krev at foreldra **seier frå når barnet blir henta!** **Personalet må ha beskjed om barnet ditt skal ta buss, blir henta, eller skal gå heim sjølv. Blir det endringar må det giast beskjed via telefon eller skrifteleg.** (td lapp på matboksa eller i vekeplanen).

Etter at vi har sendt elevane heim, har ikkje sfo lenger ansvar for barna.



Tilrettelagde aktivitetar:

Også i år ynskjer vi å ha tilrettelagde aktivitetar på SFO. Her kan elevane melde seg på den/dei aktivitetane dei ynskjer å halde på med. Desse aktivitetane blir gjennomførte til bestemte tider og i faste grupper.

Av **kulturaktivitetar** er det nokre som etter kvart har blitt ein tradisjon hos oss. Dette er Haustfest, kunstkafe, nissefest (byrjinga av desember), og påskemåltidet før påskeferien. Og sjølvsagt har vi ein stor avslutningsfest når skuleåret er omme. Andre aktivitetar vil også bli gjennomførte, men desse tek vi på sparket når ideane melder seg.

Matpengar :

Det blir teke betaling for varer SFO bruker til matlaging. SFO kjøper inn og lager eit lett måltid til ungane på tysdagar og fredager. Det blir servert kl 13.45. Ellers blir det baking, steiking av vafler og lignande når vi har høve til det. Dei andre matdagane blir lagt slik at det blir ei mest mogeleg jamn fordeling mellom elevane.

Behov for SFO i skuleferiane?

Ved innmelding i hovudopptaket registrerer vi kven som har behov for SFO i feriane. Dersom påmeldinga held seg oppe vil det bli SFO både i haust-og vinterferien og 5 dagar etter skuleslutt i juni. Vi vil kontakte dei som er påmelde eit par veker før dei aktuelle feriane.

Kva SFO forventar av foreldra:

- At de vil samarbeide med oss slik at barnet trivst i SFO.
- At de aktivt søker informasjon og held dykk orientert om det som skjer i SFO.
- At de set dykk inn i rutinar og reglar for SFO.
- At de utrustar borna med høvelege klede og utstyr for ulike aktivitetar. Alle elevane har korgar med plass til bytekle. *NB! Merking av kle!!!!*
- At de gir melding så tidlig som mogleg når barnet er sjukt eller har fri frå SFO.
- At de respekterer opningsida i SFO. Alle vert henta innan kl. 16.00.
- At de gir **tilbakemelding** om kva de er nøgde med og kva de ønskjer skal bli betre. Det er de som foreldre som er våre beste samarbeidspartnarar.

TIPS: om foreldra er flinke til å **merke kle**, kan personalet betre hjelpe til med å halde orden på garderoba....

Kva foreldra forventar av SFO:

- At vi vil møte barn og foreldre med respekt og interesse.
- At vi legg vekt på leik, glede og trivsel.
- At vi er på plass i opningstida.
- At vi er opne for gode idear.
- At vi gir klare meldingar heim om endringar, turar osv.
- Sjå elles "plattforma" for Flem SFO.

Kva vi har og forhalde oss til:

- Lov og foreskrifter om skolefritidsordninga av 1999 (rundskriv F-66-98)
- Vedtekter for dei kommunale skolefritidsordningane i Haram.
- Skulereglement for Flem Skule.
- elles skrivne og uskrivne reglar som er godt innarbeidd på SFO.

Vi håpar denne serviceerklæringa er til god orientering for heimen. Er det noko de lurar på som de ikkje fann svar på her, ver venneleg å ta kontakt med rektor/SFO.

Med helsing SFO på Flem Skule